



Fjord Base

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Endra løyve til utfylling i sjø – Fjord Base AS

Statsforvaltaren endrar Fjord Base AS sitt løyve etter forureiningslova for anleggsarbeid i sjø. Endringa medfører at utfylling av 7 500 m³ frå Westcon si undervasssprenging kan utførast utan tidsavgrensing ved Persholmen.

Løyvet er endra med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknad om endra løyve datert 17. januar 2025 og teamsmøte om saka 15. januar 2025.

1. Om saka

Statsforvaltaren gav 3. juli 2019 Fjord Base AS løyve til utfylling av sprengte massar i sjø ved Naustholmen, Gaddholmen og Perholmen. Formålet er utviding av industriområdet og det meste av massar som er nytta til utfylling kjem frå planering/ sprenging av Naustholmen.



Figur 1 Bilete frå søknad om løyve 2019

Vi endra løyvet i vedtak 13. juni 2023 og 15. januar 2024 knytt til utføring av utfyllinga ved Perholmen.



Fjord Base AS søker nå om å kunne foreta utfylling av inntil 7 500 lm^3 utan tidsavgrensing. Massane kjem frå Westcon si undervasssprengning regulert i løyve datert 9. september 2024. Arbeida startar opp sist i januar og vil kunne pågå tidvis fram til april 2025. Massane vert teken opp frå sjøen så dei inneheld ikkje finstoff. Massane skal leverast med lekter og skal plasserast som vist i figur 2 nedanfor. Avhengig av storleiken på lektaren som vert nytta, er det estimert mellom 20 - 35 slepp frå lekter fordelt over 11 veker.



Figur 2 Ortofoto 25.03.2024, Oversikt over tidlegare massar fylt med lekter i dette prosjektet. Utanfor synlege masser skal vi fylle i denne omgang.

Utfyllinga i sjø ved Persholmen, i tråd med godkjend reguleringsplan, er ein lokal mottakar av reine overskotsmassar (sprengstein) frå andre prosjekt i Florø, slik som Kystverkets farled utbetring inn mot Florø hamn og massar frå Westcon.

Kystverket har levert med lekter 178 100 m^3 (lause massar) til utfyllinga ved Persholmen frå sprenging av skjer ved Mortingbåen i perioden august til desember 2023. Westcon har levert 106 000 lm^3 .

Westcon skal etablere ny tørrdokk og prosjektet er blitt forseinka. Westcon er tildelt kontrakt med Sjøforsvaret på vedlikehald av dei norske fregattane med oppstart i 2025 og dei treng den nye dokken klar snarast mogleg.

2. Saksgang og Statsforvaltaren si grunngjeving

2.1 Saksgang

Statsforvaltaren har heimel i forureiningsforskrifta § 36-9 til å unnta høyring av søknader dersom endringa vert vurdert til å vere av mindre miljømessig betydning og/eller det ut frå tungtvegande



samfunnsinteresser hastar med å gje løyve. Vi vurderer at begge desse tilhøva er tilstades i denne saka.

2.2 Statsforvaltarens grunngjeving

Utfyllingsområdet på sørsida av Perholmen skjer innafør eit 50 km² stort gytefelt¹ som dekker heile Botnfjorden, Klavfjorden og Nordalsfjorden frå Mortingbåen i vest og 23 km austover til inst i Nordalsfjorden. Innafor dette gytefeltet er det registrert fleire gyteområde for kysttorsk og andre fiskeslag. Det næraste² ligg ca. 400 meter sør for utfyllingsområdet og den sørlege delen av gyteområdet ligg ca. 2 km unna, delvis avskjerma av kanalen .



Figur 3 Gyteområde Langholmen - Kanalen - Geitholmen med skravur. Utfylling Perholmen markert med oransje ring

Hovuddelen av dette gyteområdet er sør for kanalen, og vi vurderer at det er i dette området som primært vert nytta som gyteområde. Statsforvaltaren har innhenta statistikk på tal skipsanløp inn til dei ulike kaiene i Florø hamn pr år og det blei registrert³ ca. 3 600 anløp i 2022 som i all hovudsak er til kaier på nordsida av kanalen. I flg. Havforskningsinstituttet⁴ vil ein slik omfattande skipstrafikk gjere området mindre attraktivt for gytande fisk.

¹ Botnafjorden gytefelt for kysttorsk B- verdi (regionalt viktig) – kartlagt av Havforskningsinstituttet

² Langholmen – Kanalen – Geitholmen gyteområde – meldt inn av Flora fiskarlag i 2013 som "sannsynleg lokal silde- og torskestamme"

³ Statistikkbanken – 09518 Havneanløp per kvartal etter havn, skipstype mm- Statistisk sentralbyrå

⁴ Kunnskapsveileder for marine naturverdier og tiltak i kystsonen – gytefelt. Hi 16. september 2021



Steinen som skal nyttast til utfylling inneheld ikkje finstoff sia den kjem frå undervasssprenging og vert teken opp via vassmassane med grabb. Omfanget av lektertrafikk er estimert til 2 – 3 lekter dropp pr veke i den perioden arbeida er forventa å vare.

Vi legg til grunn at vedlikehald av Forsvarets fregattar er viktig oppdrag for ivaretagelse av norske havområder og vi vurderer det rett å unngå ei potensiell forseinking på over eit halvt år på ferdigstilling av tørrdokken.

Vi vurderer at fare for forureining og negativ påverknad i form av støy og spreiring av finstoff knytt til gytefelt for kysttorsk er akseptabelt når utfyllinga skjer slik det er angjeve i søknaden datert 15. januar 2025, og vi endrar løyvet slik at utfylling ved Perholmen kan skje utan tidsavgrensing.

Både forureinings situasjonen og naturmangfaldet vart kartlagt i samband med den fyrste søknaden om tiltak i sjø og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vert vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

3. Vedtak

Statsforvaltaren endrar Fjord Base sitt løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Perholmen for utviding Fjord Base sitt industriområde.

Løyvet er endra med heimel i forureiningslova § 18. Utsleppsløyvets vilkår er vedlagt.

4. Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Statsforvaltarens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 8, 13 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

5. Endring av omgjerung

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

6. Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.



De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngjeve, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlagt: Løyvets vilkår

Kopi:
Kinn kommune
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Westcon



Endra løyve til utfylling av steinmassar i sjø Kinn kommune, Fjord Base AS

Statsforvaltaren endrar Fjord Base AS sitt løyve til utfylling av steinmassar med heimel i forureiningslova § 18. Det opprinnelege løyvet vart gjeven på grunnlag av opplysningar i søknad av 8. mai 2019. Endinga er gjeven på grunnlag av opplysningar i søknad 17. januar 2025 og opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden. [Endringane i dette løyvet er skriven med blå farge.](#)

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan tre år, skal verksemda sende ei melding til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvaltarens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer
2019.0599.T	4602.0160.01

Bedriftsdata

Bedrift	Fjord Base AS
Postadresse	Postboks 323, 6901 Kinn
Kommune og fylke	Kinn, Sogn & Fjordane
Org.nummer / eigd av	975 026 558 / 939 535 977

Løyvet gjeve: 3. juli 2019	Løyvet endra: 21. januar 2025
Sissel Storebø seksjonsleiar	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>	

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av vilkår	Beskrivelse
1(13.06.2023)	3.4	Bruk av siltgardin er ikkje nødvendig for mottak av stein frå Kystverket
1 (13.06.2023)	3.5	Aktsemd ovanfor havnespy
2 (15.01.2024)	3.1 og 3.2	Utfylling ved Perholmen kan skje utan tidsavgrensing bak avskjermande utfylling
21.01.2025	3.1 og 3.2	Utfylling ved Perholmen av masser frå Westcon kan skje utan tidsavgrensing

1. Kva løyvet gjeld

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utfylling i sjø av om lag 600 000 m³ steinmassar mellom Naustholmen og Gaddholmen og inntil 400 000 m³ ved Perholmen. Utfyllinga skal skje i samsvar med detaljreguleringsplan¹ Naustholmen og områderegeringsplan² Florelandet Nord.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendes minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

¹ Planid 20160103, vedteken 26. oktober 2018

² Planid 20110106, vedteken 17. februar 2014

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5

2.4 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid mudrar, fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 2.3.

2.5 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og begrensa verknaden av forureininga.

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for de som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

2.6 Ansvar

Verksemda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Denne løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter annet lovverk som gled tiltaket, for eksempel hamne- og farvannslova og plan- og bygningslova.

Støygrenser for anleggsarbeidet er gjeve i reguleringsføresegn³ § 2.2.1 og skal følgjast opp av Kinn kommune, som mynde etter plan- og bygningslova.

3. Avbøtande tiltak under utfylling

3.1 Generelt

Utfylling i sjø skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå utfyllingsmassar i minst mogleg grad blir spreidd.

Det skal etablerast ein utfylling i sjø ved Perholmen som fungerer som ein avskjerming for utfylling av sprengstein på innsida av denne konstruksjonen, jf. figur 1. Dette skal utførast som beskriven i søknad datert 4. januar 2024.

Figur 1 Brunt felt viser ein utfylling ved Perholmen opp til kote + 1 og i 12 meters breidde som vil fungere som ein skjerm. Blått felt illustrerer utfylte massar frå Westcon

Utfylling av sprengstein frå Westcon si undervasssprenging inneheld ikkje finstoff og kan plasserast som vist i figur 1 i søknad datert 17. januar 2025.

3.2 Tidsavgrensingar

Av omsyn til gytefelt for torsk skal utfylling i sjø som hovudregel ikkje skje i tidsrommet 1. februar – 30. april.

³ Privat Detaljreguleringsplan – Naustholmen, gbnr 27/86, vedteken 26. oktober 2018

Utfylling ved Perholmen som skjer bak den avskjermande utfyllinga omtalt i vilkår 3.1 (endra 15. januar 2024) kan gjennomførast utan tidsavgrensing.

Utfylling ved Persholmen med inntil 7 500 lm^3 frå undervasssprengning frå Westcon kan gjennomførast utan tidsavgrensing.

3.3 Kontroll av utfyllingsmassar for innehald av plast

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse dumpast. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det må være rutinar for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane. Det skal utførast visuell kontroll av flytande plast i sjø. Kontroll skal utførast dagleg og kunne dokumenterast. Det skal være beredskap for å hindre spreining av plast ut frå tiltaksområdet og det skal gjennomførast jamlege rundar langs strender for å samle opp ev. plast frå utfyllinga.

Før igangsetting av sprenging må tiltakshavar utarbeide ein plan som viser korleis både plast og finstoff i massane skal reduserast. Følgjande krav gjeld:

- Det skal nyttast elektroniske tennare
- Foringsrøyr skal tas ut før sprenging og gjenbrukas eller leverast som avfall.

3.4 Siltgardin

Det skal som hovudregel nyttast siltgardin utanfor utfyllingsområde på innsida av Perholmen. Siltgardina skal dekke heile vatnsøyla og ha feste i botn. Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardina fungerer etter hensikta, bl.a. vedlikehald av flyteelement slik at nødvendig fribord vert oppretthalde. Siltgardin treng ikkje nyttast for planlagd utfylling ved Perholmen der det vert nytta stein frå Kystverkets utdjuingsprosjekt Mortingbåen og stor stein fri for finstoff frå Westcon.

Dersom straum og vindtilhøve gjer det vanskeleg å nytte siltgardin i avgrensa tidsperiodar, kan Statsforvaltaren gje fritak for bruk av siltgardin basert på oversendt dokumentasjon av tilhøva.

3.5 Aktsemd ovanfor havnespy

Fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som Havnespy er påvist i tiltaksområdet. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreining av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreining av framande organismar.

4 . Avfall

Fjord Base AS plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Siltgardiner skal etter bruk leverast til godkjent mottak.

5. Overvaking og rapportering til Statsforvaltaren

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Fjord Base AS skal lage ein plan for kontroll og overvaking av tiltaket.

5.2 Rapportering undervegs i anleggsarbeidet

Eventuelle uønskete hendingar, avvik frå løyvet og beskriving av avbøtande tiltak som er gjennomført skal meldast til Statsforvaltaren undervegs i anleggsarbeidet til sfvlpost@statsforvalteren.no.

5.3 Oversending dokument før oppstart

Følgjande dokument skal sendast Statsforvaltaren før oppstart av tiltaka i sjø:

- Kontroll- og overvåkingsplan
- Massehandteringsplan inkl. tiltak for å redusere plast i utfyllingsmassane
- Framdriftsplan

5.4 Rapport frå sluttkontroll

Fjord Base AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt fylt ut (i m³ eller tonn).
- opplysningar om plassering av massane (kart)
- oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart satt i verk
- vurdering av tiltakets miljøpåverknad inkludert status vs. havnespy etter utført utfylling

6. Tilsyn

Fjord Base AS plikter å la representantar for forureiningsmynde føre tilsyn med anlegget når som helst.